

Dei som møtte: Jon Aslak Austjøre, Gunnar Haugo, Turid O.Mæland, Sigmund Strand, Gunleik Berget og Ann Kristin Teksle.

Arne J Loftsgarden var invitert til å delta på sak 13/2015

Referent: Torhild F Sisjord

Referat frå styremøte i TSG på Bygdesentralen mandag 01.06.15 kl. 13.00-17.00

Sak 1 /2015 Innkalling og sakliste godkjent

Sak 2 /2015 Referatsaker:

- Landsmøte i NSG
Referat frå landsmøte tas under sak 13/2015

Sak 3 /2015 Konstituering av styret og fordeling av arbeid i styret og mellom styret/sekretær.

Leiar: Jon Aslak Austjøre

Nestleiar: Gunnar Haugo

Fordeling av ansvarsområde:

- Saueavl- Jon Aslak Austjøre
- Web-ansvarleg – Turid O Mæland
- Gjetarhundkontakt – Ann kristin Teksle
- Kursansvarleg – Turid O Mæland (i samarbeid med Torhild F Sisjord)
 - Klippekurs
 - Insemineringskurs
 - HMS
- Geitekontakt- Gunnar Haugo
- Hovedansvarleg for aktivitetane på Dyrskuen- Ann Kristin Teksle, Turid O Mæland og Sigmund Strand.
- Beitebruk- Styret i fellesskap
- Rovdyr – Jon Aslak Austjøre
- Arbeidsgruppe for skadefellingslag – Jon Aslak Austjøre, Ann Kristin Teksle og Turid M Opsund
- Turkomite- Heile styret

- Sak 4 /2015 Jon Aslak gikk gjennom arbeidsplanen vedtatt av årsmøte. Mange av årets arbeidsoppgåver er tatt inn på dagens sakliste.
Det er utarbeidd ei tidslinje som viser aktivitetane i TSG for 2015.
- Sak 5/2015 Avslutning og rapporter frå saueprosjektet vart dela ut.
Prosjektet er avslutta og søknad om utbetaling er sendt Fylkesmannen og fylkeskommunen.
Telemark sau og geit vil invitere til evalueringsmøte av prosjektet. TSG har ikkje vore prosjektanavarleg for denne type prosjekt og det er viktig å ta med seg den lærdommen vidare. Kven veit. Nye prosjekt kan komme på dagsorden.
- Sak 6/2015 Kjekjøt.
Gunnar orientara om sitt syn på brevet ang satsing på kjekjøt frå Nortura SA (brev vedlagt referat). Det er kostbart å føre fram kje med dei mjølkepulverprisane me no har. Likevel viktig at kjekjøt vert tatt vare på som den ressursen det er.
Han gjev uttrykk for ei bekymring dersom kampanjevekene for kjekjøt fell bort som fylje av den nye prisstrategien.
Det vert sendt eit innspel til Nortura SA det TSG vonar kampanjevekene for sal av kje vert vidareført.

Det er ein ide å lage til eit kje-prosjekt med søknad til "Fjell-landbruket". Det er ikkje gjort vedtak om slik satsing av styret i TSG.
- Sak 7/ 2015 Evaluering av årsmøte på Morgedal Hotel
Det er viktig å sette fokus på tema psykisk helse. Styret hadde litt ulike reaksjonar på opplegget utifrå om foredraget var høyrte før, eller det var fyrste gongen. Det er også viktig å tenke at psykisk helse er individuelt og reaksjonane kan på ingen måte samaliknast. Alle har si referanseramme.
Elles vart årsmøte gjennomført på standard måte.
- Sak 8/ 2015 Dyrskuen 2015
Torhild har deltatt på planleggingsmøte på vegne av TSG. Referat frå dette møte vert sendt styret så snart det forelegg. Kort oppsummert.
- Samme stand i husdyrhallen som tidlegare år.
 - Samarbeid mellom gjetarhundlaget og TSG
 - Dersom det er ynskjeleg med representasjon frå NSG bør denne henvendelsen skje så snart råd er.
 - Alle aktivitet på standen er velkommen (idemyldring)
 - Saueklypping kvar dag- fast i programmet.
 - Utstilling av teikningar av td hundar (jane)
 - Gjetarhund som gjer "uvanlege"ting
 - Lister må utarbeides
 - Saman med referat frå planleggingsmøte på landbrukets hus vil tidsfristar ligge vedlagt.
- Sak 9/2015 Haustsamling 13-14 november 2015
Morgedal Hotel
Tema: Økonomistyring på eige bruk. "Småfehaldaren og økonomi"
Ynskje om Ole Christen Hallesby- Jon Aslak sender forespørsel og ledig kapasitet og pristilbod.

Kan arrangere samlinga som eit ope møte og søke ekstern finansiering. Eks kompetansemidlar.

- Sak 10/2015 Tur i 2016
Styret i TSG tek på seg rolla som turkomite`
Planlegg tur til Irland/Skottland. August 2016 (før skulen startar) 4 overnattingar kan synast å passe.
Program og invitasjon til turen presenterast på årsmøte - siste frist
- Sak 11/2015 Planlegging av avlssesongen oversendes avlsutvalet
- Reglement for kåring (lokal premiering)
 - Kåringssjå – plassering og gjennomføring
- Sak 12/2015 Arbeidet med skadefellingslag.
Eit stort og viktig arbeid som Telemark sau og geit har fått løyvd midlar til. Det er utarbeidd eit notat som utgangspunkt for vidare arbeid.
I tillegg er det gjort eit godt arbeid i Agder som er interessant å sjå nærmare på.
Arbeidsgruppe: Jon Aslak, Ann Kristin og Turid.
- Sigmund strand spør Eivind Ørnes om han har anledning til å bidra inn i arbeidet.
- Sak 13/2015 Jon Aslak, Gunnar og Arne orientara om si oppleving av landsmøte i NSG 2015.
Det vil bli sendt inn ein e-post med betraktningar om gjennomføringa av møte. (sendt som kopi til styret)
- Sak 14/2015 Eventuelt.
Geitedagane- Gunnar har eit ynskje om at det reiser to frå styret på geitedagane. Det for at styret skal få innsikt i geitehaldet.
- Telemark har Tone Edland som styremedlem i NSG. Dette bør nyttast meir aktivt. Ho bør kallast inn til styremøte og få tilsendt referat.

